

Suldal 5. desember 2021

Visitasgudsteneste 2. søndag i advent

Joh. 16,21-24

Når ei kvinne skal føda, er ho uroleg, for tida hennar er komen. Men når ho har fått barnet, hugsar ho ikkje lenger kor vondt ho hadde, så glad er ho fordi eit menneske er fødd til verda. På same måten er det med dykk. No er de fylte av sorg, men eg skal sjå dykk att, og hjartet dykkar skal gleda seg, og den gleda skal ingen ta ifrå dykk. Den dagen skal de ikkje spørja meg om noko. Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Bed de Far om noko, skal han gje dykk det i mitt namn. Til no har de ikkje bede om noko i mitt namn. Be, så skal de få, slik at gleda dykkar kan vera fullkommen.

«Når ei kvinne skal føda er ho uroleg.»

Kvar fødsel er eit under. 30 gangar skjedde underet for suldølar i 2020, enten dei reiste til Haugesund eller Stavanger for å føda. Det er felles for oss alle at me er født. Midt på magen har me alle ein navle som minner oss om opphavet vårt. Ei mor bar oss fram. Nå i vekene fram mot jul går tankane til Maria. Maria som ber fram Jesus. Det at Jesus er født har for mange vore det aller vanskelegaste med trua. Me vil kanskje lettare tru på det som er overnaturleg, men at Gud, den eine og heilage, har blitt født, det har fleire gonger i historia vist seg å vera for drøyt.

Tenk kor rått livet er til stades der eit menneske blir født. Med vatn og blod og slim, med skrik og tårer. Når me diskuterer menneskeverd og peiker på kva som gjer eit menneske verdifullt legg, me ofte vekt på at menneske kan tenka, skapa og kommunisera med språk. Det at Jesus har vore nyfødt er eit høglytt ja til noko meir grunnleggande: Me er født, kroppen vår er i live i denne kalde verda og påkallar omsorg frå andre. Spedbarn og oldingar, sjuke og friske, velskapte og misdanna, vår verdi ligg i at me er født og er i live. Alle er skapt av Gud, i Guds bilete. Den nyfødde, fostervannsvåte Jesus er eit pant på menneskeverd med Guds målestokk.

«Når ho har fått barnet hugsar ho ikkje lenger kor vondt ho hadde, så glad er ho fordi eit menneske er fødd til verda!»

Mange har ein eller fleire gonger klatra opp på eit fang og sagt: «Fortel om då eg blei født.» Eg trur Jesus må ha gjort det: «Mamma, fortel!» Fortel me då om smertene og angsten? Eller om kor usikre me kjende oss og kor sjukt vondt det var? Nei – me fortel om gleda!

I dag er det ikkje dåp i gudstenesta. Men i Suldal har eg lært at svært mange vel å bera sine små til Gud i dåpen. Det som skjer der kan me aldri heilt forklara med ord. Det er større enn orda. Me går inn i den heilage handlinga, dette mysteriet, frå mange sider. Eit av bileta me bruker er at me i dåpen blir fødde på nytt til evig liv. Den gleda Jesus inviterer til, er Gud si glede over å ha fått eit barn til!

Me kan av og til få lyst til å gøyma oss vekk i dette at me er Guds born, på ein måte som gjer at me ikkje står fram som vanlege og ærlege menneske. Trua på Jesus må aldri få oss til å flykta frå utfordringane i kvardagen. Paulus sa at dei døypte skal

veksa i tru, ikkje leva heile livet på morsmjølk, men ta til seg fast føde. Kristentru handlar om å få vera barn, men trua er aldri noko barnsleg. Trua toler det vaksne livet.

«Be, så skal de få, slik at gleda dykkar kan vera fullkommen.»

Korleis er det mogeleg å tala om glede i denne verda i 2021? Det er jo krig og pandemi overalt. Uretten er stor, og kløfta mellom rike og fattige veks. Me opplever at klima slår tilbake. Korleis kan me ta til oss ord om glede, når livet er så fullt av sorger? Me uroar oss for skulen, helsa, arbeidsplassane, alle dei rasfarlege vegane, alt me ikkje får til. Gleda er noko me må tru på, nesten i trass. Dei mørke sidene av livet forkynner seg sjølv. Me ser og gjenkjenner urett, krig og vondskap. Mens håp og glede, det må me få utanfrå, av nåde. Heile tida er trua og håpet gårver me kan ta imot. Den gleda Jesus kan gjeva oss, har me fått for å dela. Me er dessverre ofte så gjerrige. Me trur kanskje at glede er noko skjørt, noko me kan koma til å øydelegga. Når me sparar på gleda eller stengjer henne inne i små rom mister me noko.

Gleda er sterkt! Midt i ei verd prega av urett, krig og vondskap er gleda ei kraft som kan skapa forandring. Gleda er ikkje barnsleg, tvert imot. Gleda er i slekt med noko Jesus seier i Bergpreika: «Sæle dei som hungrar og tørstar etter rettferda, dei skal bli metta.» Å vera säl er å eiga ei lukke som toler alt, også dei vonde dagane. Glede og takk for livet er den sterkeste krafta me har. Gud kan bruke vår glede til å forandra verda. Alle krav om å være vellukka, alt press om at me må kjøpa meir og ikkje tru me er gode nok, alt dette maser misser taket på oss når me er glade.

«No er de fylte av sorg, men eg skal sjå dykk att, og hjartet dykkar skal gleda seg, og den gleda skal ingen ta ifrå dykk.»

Jesus førebud venene sine på det som skal skje i påska. Han fortel om ei sorg som kan vendast til glede. Eg hentar ofte ekte glede i lag med barn. Ein ung pappa, Thomas, sit i kyrkjebenken med sonen sin i fanget. Dei har vore framme med døypefonten. No kan han slappa av. Tenk at dei har greidd å koma til denne dagen. Alt har vore krise og kaos. Meir enn to månader før tida blei guten hente fram med keisarsnitt. Dei spurde om ikkje foreldra ville døype han der, på fødestua. Thomas sa nei. Han kjente at det ville vera å gjeva opp. Nå granskar guten han med roleg blikk. Thomas kjenner tårene koma og dreg handa framfor auga. Når han opnar auga igjen ser han det vesle andletet gå frå sorg til glede på under eitt sekund. Sorg: Kvar er du pappa? Glede: Der er du igjen! Dei har funne på ein leik. Borte – der!

Me som trur på Jesus ventar. Det krev tolmod. Me må venta med både angst og glede. Språkleg heng «patience» og «passion» saman, tolmod og liding er i slekt. Men me ventar med glede, for *«ein dag skal sverda smidast om til plogskjer og spyda til vingardsknivar. Folk skal ikkje lyfta sverd mot folk, ikkje lenger lærast opp til krig.»* Imens me ventar, feirar me visitasgudsteneste med opne ansikt og hjarte og bed: Gud, takk for livet! Gjev oss akkurat så mykje tru og glede som me treng i dag!

*Ære vera Faderen og Sonen og Den heilage ande som var, er og koma skal, ein sann
Gud, frå eve til eve. Amen.*